

**Saksframlegg**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval		29.10.2015
Kommunestyret		17.12.2015

Sosial dumping, retningslinjer for Seljord kommune**Saksdokument:****Saksutgreiing:**

På bakgrunn av initiativ frå Seljord Arbeidarparti, vedtok formannskapet i sak 61/15 at administrasjonen skulle koma med framlegg til retningslinjer for å hindre sosial dumping i Seljord kommune. I denne saka vert vedtaket fylgd opp, og saman med generelle krav som gjeld ved inngåing av kontraktar, gjev rådmannen si innstilling retningslinjer som vil medverke til å unngå sosial dumping i Seljord kommune.

Situasjonen i det norske arbeidsmarknaden gjev grunn til uro når det gjeld sosial dumping og svart økonomi. Dette er med på å undergrave dei fellesskapsverdiane samfunnet vårt byggjer på, og Seljord kommune ynskjer å vere med på å kjempe imot dette.

Skjerpa krav i samband med utlysing av offentleg anbod, og særskilde punkt i kommunen etiske retningslinjer og kontraktar innanfor bygg- og anlegg vil medverke til å forhindre dette. Regjeringa oppmodar i sin strategi mot arbeidskriminalitet alle offentlege bedrifter til å gå føre med eit godt døme når det mellom anna gjeld arbeidsvilkår og sosial dumping.

Dei krava Seljord kommune har til tilbydarar i dag, vert oppretthalde, og i tillegg skal fylgjande punkt bli teke inn i etiske retningslinjer som særskild kontraktsvilkår i samband med utlysing av offentlege anbod innan bygg- og anleggskontraktar, og kontraktar innanfor kjøp av varer og tenester så langt dei høver:

1. Arbeidet skal bli utført av tilbydaren og tilbydaren sin tilsette i tenestetilhøve, eventuelt ved underentreprenør og deira tilsette. Tilbydar skal til ein kvar tid kunne legge fram dokumentasjon på tilsettingstilhøvet. Tilbydar skal dokumentere at majoriteten av dei tilsette har fagbrev innanfor sitt fagområde.
2. Avtale om underentreprise med einskildmannsføretak eller bruk av innleigd arbeidskraft krev skriftleg grunngjeving.
3. Tilbydar pliktar å sørgje for at likelydande ordlyd om bruk av eigne tilsette, einskildmannsføretak, innleigd arbeidskraft og krav om dokumentasjon av fagbrev blir teke inn i kontraktar med underentreprenørar. Arbeidskrafta skal vere leiga inn i samsvar med arbeidsmiljølova § 14-12a og § 14-13.

4. Norsk er hovudspråk på kommunen sine byggeplassar, både skriftleg og munnleg. Det vert kravd at minst ein person på kvart arbeidslag forstår og gjer seg godt forstått på norsk.
5. Byggherren tillet ikkje meir enn eit ledd i kontraktskjeden, men oppdragsgjevar kan godkjenne to ledd når det ligg føre ei god grunngeving. Det skal aldri vere meir enn to ledd i kontraktskjeda.
6. Tilbydar og underentreprenør som skal bli engasjert i prosjektet over 10 millionar skal vere godkjende og aktive lærlingverksemder. Ved slike prosjekt kan oppdragsgivar krevje at det skal vere lærlingar i prosjektet (gjeld norsk verksemder).
7. Etter likningslova § 6-10, med dei forskrifter som høyrer til, plikter næringsdrivande som har gjeve nokon oppdrag på byggeplass å gje melding til Sentralskattekontoret for utanlandssaker om einkvar utanlandsk oppdragstakar eller utanlandsk arbeidstakar som utfører oppdrag på byggeplassen.
8. Tilbydar er ansvarleg for å rapportere fortløpande om bruk av utanlandsk arbeidskraft i alle ledd i kontraktskjeden, og å framskaffe og legge fram for byggherren kopi av innsendt melding for den einskilde utanlandske oppdragstakar eller utanlandske arbeidstakar.
9. Løn og annan godtgjering for alle arbeidstakarar skal bli utbetalt til konto i ein norsk bank.
10. Tilbydar skal dokumentere at han har gyldig yrkesskadeforsikring for alle tilsette, og gjev oppdragsgjevar rett til å kontrollere opplysningane.
11. Byggherren kan krevje dagbøter av tilbydaren dersom han sjølv eller nokon av hans underentreprenørar nyttar ulovleg eller ikkje kontraktsmessig arbeidskraft og tilhøvet ikkje er blitt retta innan ein frist gjeven ved skriftleg varsel frå byggherren. Bota gjeld frå utløpet av fristen til tilhøva er retta opp. Bota skal utgjere ein promille av kontraktsummen, men ikkje mindre enn kr. 1000,- pr. kvardag.
12. Tilbydar skal sørgje for at tilsette i eigen organisasjon og tilsette hos eventuelle underentreprenørar ikkje har dårlegare løn- og arbeidstilhøve enn det som fylgjer av landsomfattande tariffavtale eller det som elles er normalt for vedkommande stad og yrke, jfr. §5 i forskrift om løn- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar.
13. Tilbydar skal på oppmoding leggje fram dokumentasjon om løns- og arbeidsvilkår for dei tilsette. Alle avtaler tilbydar inngår og som inneber utføring av arbeid under denne kontrakten, skal innehalde tilsvarande dokumentasjon. Dersom tilbydar ikkje etterlever desse pliktene og tilhøva ikkje er retta innan ein fastsett frist, har oppdragsgjevar rett til å krevje dagbøter. Bota gjeld frå utløpet av fristen og til tilhøva er retta opp att, og storleiken på bota blir fastsett på same måte som i punkt 11.
14. Det skal verte stadfesta på vedlagde eigenerklæring at ILO-konvensjonen nr. 94 blir fylgd.
15. Dersom ein konstaterer brot på denne avtala, og entreprenøren ikkje har retta feilen innan utløpet av fristen, kan byggherren heve kontrakten.

Reglar i Arbeidsmiljølova, byggherreforskrifta, lov om offentleg innkjøp §7 og forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar datera 8. februar 2008 nr.112 siste endra 03.03.14, samt andre relevante lovar og forskrifter gjeld sjølv sagt fullt ut.

I tillegg har kommunen nokre generelle krav til tilbydar som skal ligge til grunn ved inngåing av kontraktar innan bygg- og anlegg, samt ved levering av varer og tenester der dette høver. Dette gjeld fylgjande krav:

Skatteattester, HMS-eigenerklæring og attest for føretaksregistrering:

- Skatteattest RF-1244 utstedt av kemneren/kommunekasserar for skatte- og arbeidsgjevaravgift, **ikkje eldre enn 6 månader**
- Attest frå skattefogden/fylkesskattesjefen for meirverdiavgift, **ikkje eldre enn 6 månader**
- HMS-eigenerklæring, **ikkje eldre enn 6 månader**
- Attest frå føretaksregisteret/firmaattest, **ikkje eldre enn 12 månader**

Firmaets økonomiske soliditet:

- Firmaet skal ha tilstrekkeleg soliditet til å gjennomføre oppdraget.
- Dokumentasjon:
Komplett årsrekneskap for dei 3 siste åra i form av resultatrekneskap, balanserekneskap, noter, årsrapport og revisjonsrapport. Dersom leverandøren har gyldige grunnar til ikkje å kunne legge fram den dokumentasjonen som oppdragsgivar har bedt om, kan han godtgjere sin økonomiske og finansielle stilling med eit kvart anna dokument som oppdragsgjevar kan akseptere.

Firmaets kapasitet:

- Leverandøren skal ha kapasitet til å gjennomføre oppdrag av denne storleiken.
- Dokumentasjon:
Oversikt over leverandørens gjennomsnittlege arbeidsstyrke og tal på medarbeidarar i den administrative leiinga i løpet av dei siste 3 åra, oppdragsmengde/ledig kapasitet og eventuelt samarbeidande parter (maks 1 A4-side).

Firmaets kompetanse:

- Det vert stilt krav om erfaring frå tilsvarande entreprisemodell og erfaring frå tilsvarande type prosjekt. Det vert vidare stilt krav om at leverandøren har eller kan få ansvarsrett i høve til kapittel A pkt. A3.4 Entrepriseform og kontraktstype.
- Dokumentasjon:
 1. Oversikt over formell fagleg kompetanse i firmaet, erfaring generelt og eventuelt spesiell kompetanse (maks 2 A4-sider)
 2. Oversikt over bemanning for oppdrag (organisasjonsplan) med namn og CV for nykkelpersonar.
 3. Dokumentasjon på godkjenningar i høve til entrepriseform og kontraktstype.
 4. Liste over firmaets referanseprosjekt dei siste 5 åra med fylgjande opplysningar:
 - a. Namn på oppdragsgivar
 - b. Referansepersonar hos oppdragsgivar
 - c. Type bygg og eventuelle type anlegg for tekniske entreprisar
 - d. Entreprisemodell
 - e. Storleik på kontrakt

Firmaets politikk for kvalitetssikring og HMS:

- Dokumentasjon:
Gjere greie for føretaket sitt helse-, miljø- og sikkerheitspolitikk og for føretaket sitt system for kvalitetssikring/styring (maks 1 A4-side).

I tillegg til desse krava gjeld dei alminnelege kontraktsvilkåra som går fram av den aktuelle kontrakt for den entrepriseforma som er vald, Norsk standard.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å fatta vedtak om at fylgjande retningslinjer skal vera gjeldande i Seljord kommune i samband med utlysing av offentlege anbod innan bygg- og anleggskontraktar, og ved inngåing av kontraktar innanfor kjøp av varer og tenester så langt dei høver:

1. Arbeidet skal bli utført av tilbydaren og den tilbydaren har tilsett i si teneste. Eventuelt ved underentreprenør og deira tilsette. Tilbydar skal til einkvar tid kunne legge fram dokumentasjon på tilsettingstilhøvet. Tilbydar skal dokumentere at majoriteten av dei tilsette har fagbrev innanfor sitt fagområde.
2. Avtale om underentrepise med einskildmannsføretak eller bruk av innleigd arbeidskraft krev skriftleg grunngjeving frå entreprenøren.
3. Tilbydar pliktar å syrgje for at likelydande reglar blir bruka av eigne tilsette, einskildmannsføretak, innleigd arbeidskraft og krav om dokumentasjon av fagbrev innsats i kontraktar med underentreprenørar. Arbeidskrafta skal vere innleigd i samsvar med arbeidsmiljølova § 14-12a og § 14-13.
4. Norsk er hovudspråk på kommunen sine byggeplassar, både skriftleg og munnleg. Det vert kravd at minst ein person på kvart arbeidsslag forstår, kan nytte og gjere seg godt forstått på norsk.
5. Byggherren tillatar ikkje meir enn eit ledd i kontraktskjeda, men oppdragsgjevar kan godkjenne to legg når det ligg føre ei god grunngjeving for dette. Det skal aldri vere meir enn to ledd i kontraktskjeda.
6. Tilbydar og underentreprenør som skal bli engasjera prosjektet over 10 millionar skal vere godkjende og aktive læringsbedrifter. Når storleiken på prosjektet tilseier det kan oppdragsgjevar krevje at det skal vere lærlingar i prosjektet (gjeld norske bedrifter).
7. Etter likningslova § 6-10, med dei forskrifter som høyrer til, pliktar næringsdrivande som har gjeve nokon oppdrag på byggeplassen å gje melding til Sentralskattekontoret for utanlandssaker om einkvar utanlandsk oppdragstakar eller utanlandsk arbeidstakar som utfører oppdrag på byggeplassen.
8. Tilbydar er ansvarleg for å rapportere fortløpande om bruka av utanlandsk arbeidskraft i alle ledd i kontraktskjeden, og å skaffe og legge fram for byggherren kopi av innsend melding for den einskilde utanlandske oppdragstakar eller utanlandske arbeidstakar.
9. Løn og annan godtgjering for alle arbeidstakarar skal bli utbetala til konto i ein norsk bank.
10. Tilbydar skal dokumentere at han har gyldig yrkesskadeforsikring for alle tilsette, og gje oppdragsgjevar rett til å kontrollere opplysingane.
11. Byggherren kan krevje dagbøter av tilbydaren dersom han sjølv eller nokon av hans underentreprenørar nyttar ulovlege eller ikkje kontraktsmessig arbeidskraft og tilhøvet ikkje vert retta innan ein frist gjeven ved skriftleg varsel frå byggherren. Bota gjeld frå utløpet av fristen tilhøva er retta opp. Bota skal utgjere ein promille av kontraktssummen, men ikkje mindre enn kr. 1000,- pr. kvardag.

12. Tilbydar skal syrgje for at tilsette i eigen organisasjon og tilsett hos eventuelle underentreprenørar ikkje har dårlegare løns- og arbeidstilhøve enn det som fylgjer av landsomfattande tariffavtale eller det som elles er normalt for vedkommande stad og yrke, jfr. §5 i forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar.
13. Tilbydar skal på oppmoding leggje fram dokumentasjon om løns- og arbeidsvilkår til dei tilsette. Alle avtaler tilbydar inngår og som inneber utføring av arbeid under denne kontrakten, skal innehalde tilsvarande dokumentasjon. Dersom tilbydar ikkje etterlever desse pliktene og tilhøvet elles ikkje er retta innan ein fastsett frist, har oppdragsgjevar rett til å krevje dagbøter. Bota gjeld frå utløpet av fristen til tilhøva er retta opp og storleiken blir fastsett på same måte som i punkt 11.
14. Det skal verte stadfesta på vedlagde eigenerklæring at ILO-konvensjon nr. 94 blir fylgd.
15. Dersom det vert stadfesta brot på reglane som er nemnd her, og entreprenøren ikkje har retta feilen innan utløpet i fristen, kan byggherren heve kontrakten.

I tillegg har kommunen nokre generelle krav til tilbydar som skal ligge til grunn ved inngåing av kontraktar innan bygg- og anlegg, samt ved levering av varer og tenester der dette høver.